



**FUSA KOMMUNE**  
Landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger

Det kongelige Landbruks- og Matdepartement

Postboks 8007 Dep.  
0030 OSLO

Løpenummer : 003569/06  
Arkivkode : V50 &13  
Sakshandsamar : Helene Dahl  
Direktenr. tlf. : 56580141  
Gradering :

EIKELANDSOSEN19.05.2006

Vår ref.

Saksnr.: 06/00300-004

(Oppgi «vår ref.» når De tek kontakt om saka.)

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 143	Doknr.: 200
Mottatt: 22 MAI 2006 MP/SDD	
Saksbeh.: MB13	Ark.: 713
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref.

**MELDING OM VEDTAK**  
**HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM**  
**VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL**

Utval for forvaltning og økonomi handsama i møte 04.05.2006 sak 0017/06.

Fylgjande vart vedteke:

**UTTALE FRÅ FUSA KOMMUNE:**

**Vedtak:**

Dersom kommunane skal ta over ansvar for veterinærtenester, er det ein føresetnad at kommunen fullt ut får kompensert dei faktiske utgifter som administrasjon og drift av ordninga medfører. Vidare må det klart definerast kva som skal leggjast i omgrepet "tilfredstillande tenester".

Overordna ansvar knytt til smittsame dyresjukdomar må framleis vere staten sitt ansvar.

Interkommunalt samarbeid kan vere ei god alternativ løysing. Ved fordeling av tilskot til administrasjon av ordninga, må det derfor stimulerast til interkommunalt samarbeid.

Med helsing

Helene Dahl  
Landbrukssjef

Vedlegg: Saksframlegg og protokoll

Besøksadresse:  
Kommunetunet  
EIKELANDSOSEN

Postadresse:  
Postboks 154  
5649 EIKELANDSOSEN

Telefon: 56 58 01 00  
Telefaks: 56580102

postkasse@fusa.kommune.no

Fusa Kommune:  
Organisasjonsnr.: 964 968 896  
Bankgironr.: 3420 07 00920

# Saksprotokoll

**Utvalg:** Utval for forvaltning og økonomi A  
**Møtedato:** 04.05.2006  
**Sak:** 0017/06

**Resultat:** Vedteke

**Arkivsak:** 06/00300-003  
**Tittel:** HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15. JUNI 2001  
NR. 75 OM VETERINÆRER OG ANNET  
DYREHELSEPERSONELL

## **Handsaming:**

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak:**

Dersom kommunane skal ta over ansvar for veterinærtenester, er det ein føresetnad at kommunen fullt ut får kompensert dei faktiske utgifter som administrasjon og drift av ordninga medfører. Vidare må det klart definerast kva som skal leggjast i omgrepet "tilfredstillande tenester".

Overordna ansvar knytt til smittsame dyresjukdomar må framleis vere staten sitt ansvar.

Interkommunalt samarbeid kan vere ei god alternativ løysing. Ved fordeling av tilskot til administrasjon av ordninga, må det derfor stimulerast til interkommunalt samarbeid.

# SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Helene Dahl  
Arkivsaksnr.: 06/00300-002

Arkiv: V50 &13  
Offentleg

## HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING AV LOV 15. JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRER OG ANNET DYREHELSEPERSONELL

### **Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Dersom kommunane skal ta over ansvar for veterinærtenester, er det ein føresetnad at kommunen fullt ut får kompensert dei faktiske utgifter som administrasjon og drift av ordninga medfører. Vidare må det klart definerast kva som skal leggjast i omgrepet "tilfredstillande tenester". Overordna ansvar knytt til smittsame dyresjukdomar må framleis vere staten sitt ansvar.

Interkommunalt samarbeid kan vere ei god alternativ løysing. Ved fordeling av tilskot til administrasjon av ordninga, må det derfor stimulerast til interkommunalt samarbeid.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Utval for forvaltning og økonomi  
Vedtaket vert sendt: Landbruks- og matdepartementet  
Kopi:

Saksdokument:

- Vedlegg:
- Høringsnotat om endring av lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell
  - Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysningar:**

Landbruks- og mat departementet har sendt framlegg til endring av lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell til høyring til mellom anna kommunane. Høyringsfristen er 15.05.06.

Gjeldande rett er at staten har det overordna ansvaret for landsdekkande dyrehelseteneste. Staten har i praksis ansvaret for å organisere klinisk veterinærvakt i heile landet og Mattilsynet har ansvar for forvaltning av offentlege føresegner som vedkjem dyrehelse og dyrevelferd.

Strukturendringar, endra økonomiske tilhøve i landbruket, betre dyrehelse og bortfall av distriktsveterinærordninga gjer at det økonomiske grunnlaget for klinisk veterinærteneste er svekka i delar av landet. Eit utval har vurdert desse tilhøva. Utvalet konkluderar med at ei tilfredstillande veterinærdekning best kan løysast ved at det vert eit kommunalt ansvar.

Lovframlegget legg utvalet sine konklusjonar til grunn, og kommunen får med dette plikt til å syte for tilfredstillande tenester frå dyrehelsepersonell til landbruket. Framlegget legg vidare til grunn

at det er kommunen sjølv som skal vurdere kva som er tilfredstillande veterinærtenester og korleis oppgåvene best kan løysast. I vurderinga må ein mellom anna ta omsyn til kva reiseavstand og reisetid som kan akseptrast for at tenester frå dyrehelsepersonell kan karakteriserast som tilfredsstillande.

I lova vert det sett krav om døgkontinuerlig tilgong på slike tenester, noko som normalt kan ivaretakast gjennom organisert vaktordning. Vaktordninga vil ikkje inkludere akvakulturdyr i industrielt oppdrett, denne ordninga held fram som før.

Etter lovframlegget blir det ikkje heimel til å pålegge veterinærane plikt til å ta del i ein eigen vaktordning.

I den grad kommunane finn det naudsynt å sikre at veterinærane tek del i ei slik ordning, kan dette etter departementet sitt syn løysast ved avtale mellom kommunen og aktuell veterinær.

Dette meiner departementet vil gje ei fleksibel ordning som kan tilpassast lokale tilhøve.

Argumenta for lovfesta heimel til forhandling om organisering og godtgjering for vakttdeltaking (noverande § 26) fell med dette bort.

I ei tid med sterkt fokus på smittsame dyresjukdomar som til døme fuglevirus, er det trong for ein overordna strategi og beredskap for å handtere dette. Slike saker vert handsama etter anna lovverk, og vil framleis bli tatt hand om av Mattilsynet.

Grunngjevinga for lovframlegget er at ansvaret bør liggje nær brukarane og lokalmiljøet. Tilbodet for veterinærtenester vert med dette løyst ut frå lokale tilhøve og behov.

Både administrasjon av dyrehelsetenester og ein forsvarleg vaktordning vil medføre kostnader for kommunane. Departementet legg til grunn at desse kostnadene skal innlemmast i rammetilskottet til kommunane, eventuelt vere øyremerka i ein overgangsperiode. Dei økonomiske sidene ved reforma skal bli nærare vurdert i kommuneproposisjonen for våren 2006. Departementet vil vurdere desse tilhøva i samarbeid med KS.

I dag har Fusa kommune veterinærordning i samarbeid med Kvinnherad, Kvam og Samnanger kommunar. Fusa kommune administrerer utbetaling av driftstilskot på kr. 128 000 til to veterinærar. Fusa kommune har varsla evaluering av ordninga.

### **Vurdering:**

Landbruket og dyrehald har ei sentral rolle for busetnad, stell og vedlikehald av kulturlandskapet i distrikta. Sikker og tilfredsstillande tilgong på veterinærteneste og klinisk veterinær vakt er ein sentral faktor for landbruket og den einskilde bonde sin driftsøkonomi, trivsel og tryggleik. Ein legg difor til grunn at det i prinsippet er rett at overordna ansvar for dyrehelseteneste ligg til det offentlege (stat eller kommune).

Lovendringa inneber at kommunane no får dette ansvaret. I framlegg til lovtekst kjem det mellom anna fram at "*Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tenester fra dyrehelsepersonell.*" (§3a)

Slik framlegg til lovtekst er utforma, vil det bli kommunen sitt ansvar å definere omfanget av "tilfredsstillende tilgang på tenester". Det kjem ikkje klart fram i kommentarane til framlegget kva som ligg i dette omgrepet. Skal lova og tilbodet av dyrehelsetenester fungere etter intensjonen, er det ein føresetnad at ansvaret er presist og tydeleg formulert.

Interkommunalt samarbeid med klart definerte ansvarstilhøve mellom partane kan vere ei god alternativ løysing, og lovframlegget gjer rom for slike løysingar.

Det er ikkje synleggjort i noko særleg grad kva endringane vil gje av administrative og økonomiske kostnader for kommunen.

I høyringsframlegget vert det peika det på at *”Det tas sikte på at nødvendige administrative kostnader i kommunene skal kompenseres”* og *”Regjeringen har en ambisjon om at alle nye oppgaver som pålegges kommunal sektor skal være fullfinansiert.”*

Skal kommunane ta ansvaret for dyrehelsetenesten med eit godt og stabilt tilbod til gardbrukarane, må dei økonomiske kostnadane sikrast fullt ut, og at alle typar utgifter med tenesta må synleggjerast på førehand.